



Kan eg gå i barnehagen i dag?

Informasjon til foreldre/føresette med barn i barnehage

• Nynorsk utgåve •

INNHALD

• Informasjon til føresette med barn i barnehage	s 3
• Omgangssjuka	s 4
• Feber	s 4
• Hoste	s 4
• Øyreverk/øyrebetennelse	s 4
• Vondt i halsen/forkjøling	s 5
• Puss i auge/augekatarr	s 5
• Influensa	s 5
• Vannkoppar	s 6
• Brennkoppar	s 6
• Skarlagensfeber	s 6
• Hand, fot og munnsjuka	s 7
• Kikhoste	s 7
• Meslinger, kusma og raude hundar	s 8
• Den fjerde barnesjukdom	s 8
• Den femte barnesjukdom	s 8
• Andre vanlege tilstander	s 9
• Munnsår	s 9
• Vorter	s 9
• Hovudlus	s 9
• Småmark	s 10
• Ringorm	s 10
• Molluskar	s 10
• Skabb	s 10
• Info om kven som har laga dette heftet	s 12

Informasjon til foreldre/føresette med barn i barnehage

Du kjem sikkert til å stille deg dette spørsmålet fleire gonger: Er barnet mitt friskt nok til å være i barnehagen i dag? Tanken med denne rettleiinga er å gi noko informasjon som gjer det lettare for føresette å vurdere om barnet skal eller ikkje i barnehagen. Barnet sitt behov er viktigast.

Barnet ditt skal vere i ei barnegruppe når det er så opplagt at det orkar å ta del i dei vanlege aktivitetane, som til dømes å vere ute.

Generelt kan ein seie si at det er **allmenntilstanden til barnet**, dvs, korleis det fører seg, et og klarar seg i det daglege, med alt frå leik til søvn, som ligg i dette omgrepet. Å vurdere allmenntilstanden gir det viktigaste målet for om barn bør vere heime eller kan vere i barnehagen.

Er du i tvil om kva som feilar barnet ditt og om det trenger behandling, kan du ta kontakt med fastlege eller helsesøster for å få råd og hjelp til å vurdere barnet.

Barnet bør være heime frå barnehagen ved:

- Nedsett allmenntilstand
- Feber
- Smittefare (Se den enkelte sjukdommen)

Dei vanlegaste sjukdommane i barnealderen skuldast enten virus eller bakteriar. Virus er årsak til dei fleste infeksjonar hos barn. Virusinfeksjonar smitter som regel mest før og like etter at symptoma har oppstått. Antibiotika verkar ikkje på virus, berre på bakteriar.

Du har rett på 10 dagar med permisjon med lønn per år når barn under tolv år er sjuke. Dette gjeld både for mor og far, slik at det til saman blir 20 dagar i året. Om du er alene med omsorga for barnet har du rett på 20 dagar. Foreldre med fleire enn to barn under tolv år har rett på 15 dagar kvar. Har barnet ei alvorleg sjukdom kan dette tilbodet utvidast. Kontakt fastlege eller NAV for nærmare opplysningar om dette. Frå den 4. dagen du er borte kan arbeidsgjevar krevje dokumentasjon frå legen.



Omgangssjuka/»farang»

Symptoma er diaré og/eller oppkast. Barnet kan tape mykje væske og det er derfor viktig å drikke mykje. God handhygiene med såpe og vatten er viktig for å hindre smittespreiing.

Heime?

Smittorisikoen er størst mens man har symptom med oppkast og diaré, og barn bør holdast heime i denne perioden. Man skal vente 48 timer etter at barnet ikkje lenger har diaré og oppkast før det kan gå tilbake til i barnehagen.

Feber

Feber skuldast ein infeksjon med virus eller bakteriar. Ein reknar det for feber ved 38 grader eller meir. Barn med feber har auka behov for å kvitte seg med kroppsvarme og bør vere lett kledd, opphalde seg i eit ikkje for varmt rom og få rikeleg med drikke.

Heime?

Barn med feber skal være heime.

Hoste

Ein del barn får lett hoste i samband med ei vanleg forkjøling.

Heime?

Ved hoste utan feber kan barnet gå tilbake til barnehagen når allmenntilstanden er god. Ved langvarig eller kraftig hoste bør lege undersøke barnet (bla for kikhoste).

Øyreverk/øyrebetennelse

Øyreverk er oftast ei resultat av trykkauke i mellomøyret under vanleg forkjøling. Det trengst sjeldan legebehandling, og symptoma kan dempast med nasespray, samt smertestillande. Kraftig øyreverk, eventuelt med feber, som varer meir enn nokon få dagar, bør bli vurdert av fastlege. Ein sjeldan gong kan det være nødvendig med antibiotika.

Heime?

Om allmenntilstanden er bra, kan barnet gå i barnehagen.

Vondt i halsen/forkjøling

Når barnet har vondt i halsen, skuldast det som oftast ein infeksjon i svelget anten med virus eller med bakteriar. Vanlegvis går infeksjonen over av seg sjølv utan bruk av antibiotika.

Heime?

Barnet kan gå i barnehagen når det ikkje har feber.

Puss i auget (augekatarr)

Augekatarr kjem ofte i samband med forkjøling og går vanlegvis over av seg sjølv. Du kan gjere rent i og rundt auge ved å tørke og eventuelt skylje med reint vatn. Augekatarr smittar lett og det er difor viktig med god hygiene. Behandling med antibiotika kan være nødvendig om det er en bakteriell infeksjon.

Heime?

Det er ikkje grunnlag for å tilråde at barnehagebarn med mild til moderat øyekatarr skal vere heime. Ved redusert allmenntilstand eller kraftig øyekatarr med rikelig pussdanning bør barnet holdast heime inntil pussdanninga har minka. Dette er på grunn av risikoen for å smitte andre barn.

Influenza

Influenzavirus smitter ved hosting, nysing og ved nær kontakt med sjuke menneske. Den sjuke kan også få viruset på hendene og overføre smitte via ting som den sjuke har tatt på. Symptom på influensa kan være feber med frysningar, hoste, sår hals, vondt i hovudet, verkande ledd og musklar, samt påverka allmenntilstand. Symptoma kan komme i løpet av kort tid.

Heime?

Ja, barnet skal være heime frå barnehagen. Når barnet har vært feberfritt i 24 timar og elles er i god form, kan barnet komme tilbake til barnehagen.



Vannkoppar

Dette er ein virusinfeksjon med væskefylte blemmer. Blemmene kommer til ulike tider, og ferske blemmer kan opptre på same tid som inntørka blemmer. Når barn klør seg kan det oppstå ein bakteriell infeksjon. «Kvitvask» kan lindre kløe, og preparatet har dei på apoteket. Ved meir uttalt kløe kan allergimikstur bli aktuelt. Nokon barn kan og få feber og redusert allmenntilstand.

Heime?

Barn med vannkoppar bør væres heime i den smittsame perioden, til det ikkje lenger blir danna nye blemmer. Når de siste utsletta har tørka inn, kan barnet gå i barnehagen.

For nokon barn vil dette ta nokre dagar, og for andre kan det ta eit par veker.



Brennkoppar

Brennkoppar er ein bakteriell infeksjon med sår, som oftast rundt nase og munn. Behandlinga er vanleg sårstell, smøre med ein bakteriedrepende salve og eventuelt dekke til med plaster. Behov for antibiotikabehandling i tillegg må avgjerast av lege.

Heime?

Barn med brennkoppar kan gå tilbake til barnehagen når sår er under kontroll, dvs når det ikkje lenger er fare for at smitte frå væskande sår som kan påførast andre barn i barnehagen gjennom direkte kontakt eller via leiker etc.

Skarlagensfeber

Skarlagensfeber skuldast streptokokkbakteriar. Symptoma er vondt i halsen, «bringebartunge», finprikka utslett og feber. Behandlast med antibiotika.

Heime?

Ja, minst 1-2 dagar etter at behandlinga er starta. Barnet kan gå i barnehagen når allmenntilstanden tillater det.

Hand-, fot- og munnsjuke

Dette er ein virussjukdom som gir lett feber og vondt i halsen. Den gir også blemmer/utslett i munnen, på kanten av handflatene og fotsolene.

Heime?

Barnet kan i gå barnehagen ved god allmenntilstand, uavhengig av utslett.



Kikhoste

Kikhoste er ein bakteriell luftvegsinfeksjon. Først kommer symptomer som hoste, feber og rennende nese. Seinare kommer kraftige hosterier («kiking»), nokre gonger med brekningar og oppkast. Hosten kan nokre gongar vare i mange månader.

I Norge er det vanleg å vaksinere spedbarn mot kikhoste. Sjukdommen er derfor sjeldan i vårt land. Større barn som får kikhoste får ofte lettere symptom om de er vaksinerte. Kikhoste smittar mest i byrjinga før det typiske symptomet «kiking» oppstår, men det kan vere ein viss smittefare under heile sjukdomsperioden. Det er derfor viktig å gi barnehagen beskjed dersom barnet får påvist kikhoste. Kikhoste behandlast med antibiotika.

Heime?

Allmenntilstanden til barnet avgjør om det skal være heime. Dårleg søvn og hoste/«kiking» med oppkast kan gjøre at barnet ikkje orkar å være i barnehagen. Av omsyn til smitterisiko kan barnet gå i barnehagen igjen 5 dagar etter å ha starta med antibiotikabehandling.

Meslinger, kuma og røde hundar

Dei fleste barn over 15 månader er vaksinert mot disse virusinfeksjonane. Derfor er det ikkje vanleg i dag at barn får disse barnesjukdommane. Mange gonger er det vanskeleg å stille diagnosen sjølv, og foreldre bør derfor kontakte fastlegen viss dei mistenker at barnet skulle ha ein av disse sjukdommane.

- Meslinger begynner med symptom på forkjøling og høg feber fulgt av utslett. Den er vår alvorlegaste barnesjukdom fordi den kan gje komplikasjonar.
- Kuma gir feber og hevelse i ørespyttkjertlane.
- Raude hundar er ein mild sjukdom med feber og utslett.

Heime?

Ved meslinger og raude hundar er barnet smittebærande i 3-5 dagar etter utbrot av utslett. Barnet kan starte i barnehagen igjen så snart allmenntilstanden tillater det. Ved kuma bør barnet være heime til hevelsen har gått ned.

Den fjerde barnesjukdom (tredagars feber)

Den fjerde barnesjukdom er kjenneteikna av tre dagar med høg feber (39-40 grader), og med påfølgande utslett. Sjukdommen er vanlegast hos barn mellom 0-3 år, men kan ein sjeldan gang oppstå hos barn opp til ca. 7 år.

Heime?

Allmenntilstanden avgjør om barnet bør være heime.

Den femte barnesjukdom

Dette er ein virussjukdom som opptreer først og fremst hos barn i 3 til 8 års alder. Sjukdommen er vanlegvis mild, gir eit utslett utan samtidig feber eller påverka allmenntilstand, eventuelt bare mindre plager som forkjøling. Utslettet kommer vanlegvis først i kinnene og etter kvart på kroppen.

Sjukdommen smitter ikkje etter at utslett har debutert og det finnes ingen behandling.

Heime?

Allmenntilstanden avgjør om barnet bør være heime.

ANDRE VANLIGE TILSTANDER

Munnsår (sår ved forkjøling)

Smittsam virusjukdom som blir kjenneteikna av utslett med væskefylte blemmer. Utslettet kan være smertefullt med svie og stikking. Munnsår kan komme av for eksempel forkjøling eller intenst sollys. Det viktigaste førebyggande tiltaket er å beskytte leppene mot intenst sollys.

Heime?

Nei.

Vorter

Det er virus som er årsak til vorter. Vortene forsvinner som regel av seg sjølv, og hos enkelte kan det ta fleire år før dei blir borte. Behandling kan være nødvendig dersom vorten sitter på utsette stedar og/eller blør.

Heime?

Nei.

Hovudlus

Lus er 2-3 millimeter store og blir spreidd gjennom direkte kontakt.

Dei første vekene etter smitte er det få symptomer, etter noen veker kan det oppstå kløe og irritert hodebunn. Lus og egg kan ses ved å inspisere hår og hovudbotn.

Heime?

Viss det blir oppdaga hovudlus på barn i barnehagen, er det ikkje nødvendig å sende barnet hjem. Når barnet kommer heim, skal første del av behandlinga helst gjennomførast same kveld/natt. Barnet kan gå i barnehagen som normalt. Barnehage og vennekrets bør bli informert om at barnet har hovudlus, slik at vennekretsen kan sjekkast for lus og barnet unngå å bli smitta på nytt.



Småmark

Småmark (også kalla barnemark) er smal, kvit, ca. 1 cm lang og liknar ein bomullstråd. Marken gir kløe rundt endetarmsopninga særleg på kvelden og natta. Behandlinga er ormemiddel som ein får kjøpt utan resept på apoteket. Middelet skal gis til heile familien, også dei som ikkje har symptom. Småmark smitter lett, og det er viktig med god handhygiene og eige handkle for å førebygge smitte.

Heime?

Når barnet får behandling er det ingen grunn til å halde det heime frå barnehagen.

Ringorm

Ringorm er ein soppinfeksjon i huden som smitter frå menneske eller husdyr som marsvin, katt og hund. Denne gir hudforandringar med eit typisk ringforma utslett. Behandlinga er soppdrepende salve, oftast i 2-4 veker.

Heime?

Nei.

Molluskar

Dette er 1-5 millimeter store blanke opphovningar i huden som etter noen veker får ei inndraging på midten. Molluskar skyldas virus og barnet smitter seg sjølv når det klør. Molluskar smitter sjeldan til andre forsvinner som regel utan behandling, men av og til kan det være nødvendig å skrape dei bort.

Heime?

Nei.

Skabb

Skabbmidden graver seg ned i huden og gir etter noen veker intens kløe og noko utslett. Diagnosen kan være vanskelig å stille, og den bør helst være stilt gjennom påvising av skabbmidd.

Heime?

Barnet skal være heime til behandlinga er begynt.

God nettside for ytterligere informasjon:
Folkehelseinstituttet

<https://www.fhi.no/sv/barnehage/nar-ma-barnet-vare-hjemme-fra-barne/>



Denne brosjyren er utarbeida av Miljøretta helsevern Hallingdal og godkjent av kommuneoverlegane i Hallingdal oktober 2017



Ved spørsmål kontakt helsestasjon
Ved behov for legehjelp kontakt fastlege eller legevakt

